Søknad om støtte

Juristmållaget er eit yrkesmållag under Noregs mållag som jobbar for å styrka nynorsk som språk blant juristar og jusstudentar. Gjennom året vert det arrangert ulike samankomstar og seminar der god juridisk nynorsk står i sentrum. Vidare tilbyr Juristmållaget ei fadderordning for jusstudentar som ynskjer språkleg rettleiing frå ein erfaren nynorsk-jurist.

25. - 27. januar 2019 skal Juristmållaget arrangera skriveseminar på Vatnahalsen. Dette er eit årleg arrangement som samlar juristar og jusstudentar med ei særskild interesse for kombinasjonen juss og godt språk. Arrangementet har tradisjonelt hatt omlag 20 deltakarar der rett i underkant av halvparten har vore studentar. Arrangementet er basert på friviljug arbeid og budsjetterer med underskot for å gjera det enklare for studentar å delta. Jusstudentar får difor delta til ein sterkt redusert pris på 300 kr, mot reelle kostnadar på 2500 kr.

Jusstudentane som har delteke tidlegare år har gitt gode tilbakemeldingar og har opplevd seminaret som solid. Mellom anna kan det peikast på at ein vesentleg del av arrangementet har vore, og vil vera, gjennomgang av deltakarane sine eigne tekstar.

Det vert i desse dagar jobba med å spikra programmet. I tillegg til tekstgjennomgang er det klart at Gunnar O. Hæreid frå forvaltningslovutvalet vil ha eit innlegg om arbeidet med ny lov. Vidare vert det jobba med å få på plass ein innleiar som skal sjå på språk og argumentasjon i dommar frå Høgsterett.

Juristmållaget har merka seg at talet nynorskskrivande jusstudentar ved UiT – Noregs arktiske universitet over tid har vore lågt. Me trur dette seminaret vil kunne vera eit godt supplement til arbeidet som allereie vert gjort på fakultet og kan bidra til språkleg stimuli til studentar som ynskjer å skriva juss på nynorsk.

Juristmållaget har lagt opp til å subsidiera deltakaravgifta for studentar og ynskjer å søkja Juridisk fakultet om å dekkja reisekostnadane til eventuelle studentar som ynskjer å koma frå Tromsø til Vatnahalsen.

Bergen, 01.12.2019

Brita Helleland
Leiar